



# GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE I VESTNES

## Generelt:

Kommunelova kap 8 har lovfesta rettar og plikter for folkevalde, m.a. rett til dekking av utgifter og økonomisk tap, samt rett til arbeidsgodtgjering.

Møtegodtgjersle og erstatning for tap av inntekt er innberetnings- og skattepliktig.

Ordfører har fullmakt til å tolke retningslinene.

Ved tvilstilfelle, ved tolkingsproblem eller ved tvistar som gjeld dette reglementet, kan ordfører legge saka fram for formannskapet for endeleg avgjerd.

## 1. Reise- og kostgodtgjersle

- 1.1 Kommunale folkevalde får reise- og kostgodtgjersle i samsvar med staten sitt regulativ for reiser. Dette gjeld for politiske møte eller oppdrag pålagt av kommunestyre, formannskap eller ordfører.  
For folkevalde som er studentar utanfor kommunen blir maksimum kr 3000 pr. mnd. dekt.

## 2. Tap av inntekt / påførte utgifter

- 2.1 Dokumentert tap av inntekt / påførte utgifter blir dekt med inntil kr 3000 pr. dag. Den tillitsvalde må sjølv søkje Vestnes kommune om slik dekning.  
Tap av inntekt må vere stadfesta av arbeidsgjevar.  
Dersom arbeidsgjevar gjev permisjon med løn, kan han sende refusjonskrav til Vestnes kommune for løna.
- 2.2 Næringsdrivande (som ikkje har nokon arbeidsgjevar) må også dokumentere sitt eventuelle inntektstap. Føregåande års likning og personinntekt skal då som hovudregel leggst til grunn. Denne blir dividert med 260 arbeidsdagar eller 1800 timar som vil gje ein dagsats og ein timesats som kan krevjast refundert. Maksimalsats som i pkt 2.1.
- 2.3 Ekstra utgifter til barnepass, tilsyn av eldre/funksjonshemma eller tilsyn med næringsverksemd, kan søkjast dekt med inntil kr. 150,- pr. time. Maksimum kr. 900 pr. møte.

## 3. Godtgjersle

Dersom medlemmen same dag deltek i fleire møte i forskjellige utval, skal vedkomande ha rett til like mange møtegodtgjersle som møte.

**Unntak:**

- Valstyre når det har møte i samband med formannskapsmøte.
- Underutval/ komitear, arbeidsutval o. l. som held kort møte i forkant av kommunestyremøte eller formannskap.

Det blir ikkje gitt møtegodtgjersle for gruppemøte, fraksjonsmøte eller andre møte i partia.

Møtegodtgjersla skal også dekke for- og etterarbeid til møte.

- 3.1 **Ordførar** i Vestnes er ordførar på heiltid skal ha ei fast godtgjersle lik 9,5 G (grunnbeløpet i folketrygda). Godtgjersla blir regulert pr. 1. mai kvart år. Godtgjersla gir ikkje rett til feriepengar og blir utbetalt i 12 like månadsratar. Ordføraren er innmeldt i kommunen si pensjonsordning. Ordførar mottek ikkje møtegodtgjersle.
- 3.2 **Varaordførar** skal ha ei fast godtgjersle på 25 % av ordførar si godtgjersle. Godtgjersla blir regulert pr. 1. mai kvart år. Godtgjersla gir ikkje rett til feriepengar og blir utbetalt i 12 like månadsratar. Varaordførar mottek ikkje møtegodtgjersle.
- 3.3 **Utvalseleiar i planutvalet** skal ha ei fast godtgjersle på 8 % av ordførar si godtgjersle. Godtgjersla blir regulert pr. 1. mai kvart år. Godtgjersla gir ikkje rett til feriepengar og blir utbetalt i 12 like månadsratar. Utvalseleiar mottek ikkje møtegodtgjersle for møta i utvalet han er leiar for. Utvalseleiar må i tillegg rekne med "tilsvarande meirarbeid," for deltaking i andre møte og representasjon gjennom året der han/ho er direkte innvald og/eller er invitert til ulike møte på grunnlag av si leiarrolle i utvalet. Dersom nestleiar leiar eit møte, få han/ho dobbel møtegodtgjersle.
- 3.4 **Andre utvalseleiarar:**  
Leiar av administrasjonsutvalet, adhoc-utval, sakkunnig nemnd og sakkunnig ankenemnd får ei godtgjersle pr. møte lik 1,6 o/oo av ordføraren si årsgodtgjersle pr. møte.  
Leiar for kontrollutval får ei godtgjersle lik 2,4 0/00 av ordføraren si løn pr. møte.  
Leiar for eldreråd, rådet for funksjonshemma og ungdomsrådet får ei møtegodtgjersle på 0,8 o/oo av ordføraren si løn pr. møte.
- 3.5 **Medlemar** i planutval og formannskap får ei godtgjersle pr. møte lik 1,6 o/oo av ordføraren si årsgodtgjersle pr. møte.
- 3.6 **Medlemar** av kommunestyre får godtgjersle pr. møte lik 1,2 o/oo av ordføraren si årsgodtgjersle.  
**Medlemar** av kontrollutval, administrasjonsutval, sakkunnig nemnd, sakkunnig ankenemnd, sentrumsnemnd og adhocutval oppnemnd av kommunestyret får godtgjersle pr. møte lik 0,8 o/oo av ordføraren si årsgodtgjersle.
- 3.7 **Medlemar** i eldreråd, rådet for funksjonshemma og ungdomsrådet får ei møtegodtgjersle på 0,4 o/oo av ordføraren si løn pr. møte.

- 3.8 **Andre folkevalde nemndmedlemar** oppnemnt av kommunestyret får også ei møtegodtgjersle på 0,4 o/oo av ordføraren si løn pr. møte.  
Krav om godtgjering må sendast politisk sekretær i Vestnes kommune.

Folkevalde frå Vestnes kommune som blir valt inn i **representantskap** der det ikkje vert utbetalt møtegodtgjersle, får ei møtegodtgjersle på 0,4 o/oo av ordføraren si løn pr. møte. Dette må dokumenterast frå gjeldande IKS, AS ol. Folkevalde som blir valde inn i **styret** for eit IKS, AS og liknande. får ikkje møtegodtgjersle frå Vestnes kommune.

- 3.9 Møtande **varamedlemar** får same møtegodtgjersle som faste medlemar. **Nestleiar** har same godtgjersle som medlemane. Dersom nestleiar fungerer som leiar, får han/ho same godtgjersle som leiar.

3. 10 For deltaking på kurs og konferansar og liknande der ein er utsendt av ordførar, eller er oppnemnd av kommunestyre eller formannskap, får ein dekt deltakaravgift, tapt arbeidsforteneste (opp til beløpsgrense), reise, kost og evt overnatting etter staten sitt regulativ for reiser.  
Det vert ikkje gitt møtegodtgjersle.

For deltaking på kurs, synfaringar, møte o.l. etter eige initiativ vert ikkje tapt arbeidsforteneste dekt, og det vert ikkje gitt reise- eller møtegodtgjersle.

#### 4. **Rettar og plikter for ordførar og varaordførar.**

##### 4.1 **Ferie:**

Ordførar har rett på 5 veker ferie.

Ordførar mottek ikkje feriepengar, og godtgjersla fell difor ikkje bort i ferieperioden.

Formannskapet skal vere orientert om ferieperioden. Varaordførar trer inn som ordførar ved avvikling av ferie etter nærare avtale med ordførar.

##### 4.2 **Sjukdom/yrkesskade**

Varaordførar trer inn som ordførar dersom ordførar er sjuk utover 2 veker.

Sjukdom utover 3 mnd vert drøfta med formannskapet.

Varaordførar skal motta ordinær godtgjersle som ordførar dersom han/ho trer inn i vervet.

Ordførar skal etter kommunelova § 8-8 har same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen.

Ordførar skal etter kommunelova § 8-9 ha rett til same ytingar ved yrkesskade som tilsette i kommunen.

##### 4.3 **Permisjon:**

Dersom ordførar har permisjon, trer varaordførar inn som ordførar etter nærare avtale med ordførar.

Reglane for permisjon for ordførar følgjer av kommunelova § 8-10.

**4.4 Ettergodtgjersle:**

Dersom ordføreren ikkje blir attvalt, skal ordføreren ha ei "ettergodtgjersle" ved valperioden sitt utløp på 1,5 månadsgodtgjersle dersom han/ho trer inn i ny stilling og 3 månadsgodtgjersler dersom han/ho ikkje trer inn i ny stilling.

- 4.5 Etterlatne vil vere innlemma i HTA kap 1 §10 : Ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring dersom ordførar døyr i ordførarperioden. Ordførar og varaordførar medforsikra i Vestnes kommune sin gruppelivsavtale. Oppgjer skjer på lik linje med kommunalt tilsette.

**5. Telefongodtgjersle (mobil)**

Ordførar skal ha fri telefon, og blir sjablonbeskatta for dette.

Varaordførar og leiar av hovudutval får dekt telefon etter Vestnes kommune sitt telefonreglement.

Varaordførar skal ha dekt kr 1000 pr år

Planutvalsleiar skal dekt kr 1000 pr år

**6. Ipad**

Kommunestyremedlemmar som ikkje har eigen PC eller Ipad som kan brukast i samband med vervet som folkevald, kan få låne Ipad frå Vestnes kommune.

Denne skal nyttast i vervet som folkevald og skal ikkje utlånast til andre brukarar.

Det skal inngåast databrukarkontrakt ved utlån av Ipad.

**7. Rutinar**

Rekning/skjema for utfylling for reise og av tapt arbeidsforteneste skal vere innlevert til møtesekretæren etter kvart møte.

Reiserekning kan innleverast halvårsvis.

Det er den folkevalde sjølv som har ansvar for at dette blir innlevert.